



Protokoll frå fellesrådsmøte 24. juni 2021

Desse møtte: Ellen Brautaseth Vatne (*leiar og repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Torbjørn Støylen (*nestleiar og repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Bergljot Hjortdal (*repr. frå Ikornnes sokneråd*)
Simen Elias Nordbrønd Myklebust (*geistleg vararepr.*)
May Lisbeth Hovlid Aurdal (*vararepr. frå Sykkylven sokneråd*)
Arild Sporsheim (*kyrkjevevjerje/dagleg leiar*)

Forfall: Svein Runde (*geistleg repr.*)
Therese Kristin Utgård (*repr. frå Sykkylven sokneråd*)
Birgitte J.S. Bonesmo (*kommunal repr.*)

F-sak 13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 14/21 Førebuande klagesakhandsaming

Som gravplassmyndigheit i Sykkylven har Statsforvaltaren bedt oss, Sykkylven kyrkjelege fellesråd, om å gjere ei førebuaande klagesakhandsaming av eit enkeltvedtak og vidare sende saka over til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (som frå 01.01.2021 er regional gravplassmyndigheit og som handsamar klagesaker for heile landet).

Bergljot Hjortdal og kyrkjevevjerjen orienterte om uttalen i saka frå det fellesrådsoppnemnde gravplassutvalet.

Vedtak:

Som følgje av eit avvik mellom plasseringa av gravminne-/steinrekkene og dei fysiske gravene blir G7.5 og G7.6-gravminnet delvis ståande på G6.6-nabograva. Dette inneber at det, på lik linje som for gravminnet til G6.6.-nabograva, vil være veltefare dersom eit tungt gravminne, inklusive fundamentet, blir sett tilbake på ei nybrukt grav. Grav G6.6 må med dette få tid til å «sette seg» og vi finn heimel til denne avgjerda i Gravplassloven §17, som eit tiltak for å forebygge skade.

Som Gravplassmyndigheit i Sykkylven vedtok dermed Sykkylven kyrkjelege fellesråd å fasthalde tidlegare vedtak i saka om behovet for ei mellombels flytting av gravminnet til grav G7.5 og G7.6 med ei varigheit på 6 månadar før gravminnet blir montert opp igjen. Varigheita på 6 månadar er forankra i gravplassvedtektene i Sykkylven og i denne perioden blir gravminnet ståande på ein trebukk så nær opprinneleg plassering som mogleg.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet ber kyrkjevevjen om å kontakte KA (Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter) for å kvalitetssikre at vi har heimel til dette i gravplassloven §17. Dersom KA finn grunnlag for heimel skal vedtaket sendast vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med kopi til festaren som har sendt klage på vedtak.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

Orienteringssaker:

- Utlysing av 100% stilling
- Auka stilling til kontorsekretær
- *administrativ støttefunksjon i trusopplæringa*
- Gjennomgang av ulike reglement
- Høyring om kyrkjeleg organisering m/høyringsfrist den 1. desember 2021
- *regionalt allmøte i Ålesund den 22. september 2021*
- Gravplassutvalets brev til kommunedirektøren

Neste møte: 9. september 2021 kl. 15:00.

NB! Møtet den 3. desember blir flytta fram til den 17. november kl. 15:00.

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjevevje / Dagleg leiar

Sign.:

Leiar

Sign.:

Nestleiar